Nytt lågterskeltilbod på Hauge:

– Det er herleg å koma seg ut, helsa på folk og gjera noko kjekt saman

Under vignetten «FORE» har BJGK starta lågterskeltilbod med golf for ulike einingar i kommunen. Kate og Karianne visste ikkje at golf var så moro.

Kenneth Svenningsen
kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Onsdag ettermiddag hadde Bjørnafjorden GK (BJGK) besøk av Marianne Stith Magelie frå organisasjonen «Et slag av gangen». Drøbakk-kvinna var for ein del år tilbake blant initiativtakarane til dei mange gatelaga som vart starta innan fotballen. I vinter stifta ho denne organisasjonen for å få fleire til å koma seg ut på golfbanen.

— Eg jobbar for å skaffa midlar slik at alle samfunnslag skal kunna spela golf. Du kan gjerne seia at eg snobbar ned sporten ein smule, humrar Magelie.

Onsdag heldt ho foredrag om prosjektet for fleire tilsette i Os kommune. Blant tilhøyrarane var Karen Hope frå Friskliv og meistring i Bjørnafjorden kommune.

— Dette var eit tiltak etter vår smak. Me ønskjer at flest mogleg av innbyggjarane våre skal få høve til å vera aktive og koma seg ut. Ved hjelp av tiltak som dette, kan me kanskje få til jamlege treningar for våre grupper frå hausten av, seier ho.

Utruleg kjekt

Dagleg leiar i BJGK, Bjarte Wiberg, har alt køyrd faste onsdagsøkter for «Kontakto» i avdeling psykisk helse i kommunen. Etter foredraget med Magelie var han klar for ny økt med gruppa.

— Til no har dei vore fem til sju som har vore med, men det er framleis plass til fleire, fortel Wiberg.

— Korleis finansierer de dette treningstilbodet?

— Me har søkt om tilskot frå kommunen. I tillegg har me motteke støtte frå fylket gjennom «Tilskot til lågterskeltilbod». Dessutan får me altså støtte frå Marianne og organisasjonen hennar. Det er vinn vinn for alle partar, seier Wiberg og viser veg ned mot driving rangen.

Også Magelie var med på økta.

— Organisasjonen vår vart starta i februar. Til no har 15 av totalt 180 golfklubbar i landet meldt seg inn, fortel ho.

— Og Bjarte og BJGK var tidleg på banen?

— Ja, det var, om ikkje kjærleik med første blikk, så god forståing og semje om satsing på lågterskeltilbod frå første stund, ler ho.

Folkehelsesatsing

BJGK har no lansert si eiga folkehelsesatsing kalla «FORE». Her ønskjer dei å samarbeida med kommunale einingar om å gjera seg nytta av golfanlegget på Hauge.

Wiberg og klubben får skryt av Magelie.

— «FORE»-prosjektet deira er nett det eg er oppteken av. Med så flotte anlegg og ein så fin og inkluderande sport, er det viktig å leggja til rette for at så mange som mogleg kjem seg opp av sofaen og ut i aktivitet. Der gjer Bjarte og dei andre på BJGK ein solid jobb, skryter ho.

Kate og Kariann var to av dei totalt sju som deltok då «Kontakto»-gjengen var på plass på onsdag. Dei koste seg skikkeleg.

— Det går litt betre for kvar dag som går. Men spelet er ikkje det viktigaste. Det beste er å koma seg ut, helsa på andre og å vera i aktivitet, seier dei to.



LÅGTERSKELTILBOD: Kariann (27) og Kate (52) er samde om at golføktene om onsdagane er noko dei ser fram til og verkeleg har byrja å lika. Foto: Kenneth Svenningsen



SKRYTER: Marianne Smith Magelie skryter av BJGK sin innsats for at folk i kommunen skal kunna nytta anlegget på Hauge. Foto: Kenneth Svenningsen



UTRULEG KJEKT: Bjarthe Wiberg synest det er utruleg kjekt å visa nye utøvarar sporten. Foto: Kenneth Svenningsen



PLASS TIL FLEIRE: BJGK håpar at fleire einingar i kommunen skal få glede av lågterskeltilbodet deira frå hausten av. Foto: Kenneth Svenningsen